



VEDTEKTER FOR GRAVPLASSANE I HJELMELAND KOMMUNE

Jf. lov av 7. juni 1996 nr. 32 om gravplassar, kremasjon og gravferd (gravferdslova) § 21, med endring ved lov av 15. juni 2001 nr. 68, og 26. august 2011 nr. 40.

Desse vedtektene erstattar vedtektene frå 2014

Vedteke av Hjelmeland kyrkjelege fellesråd 06.10.2016

Godkjent av Stavanger bispedømmeråd 02.05.2017

Endeleg godkjend av Hjelmeland kyrkjelege fellesråd 08.06.2017

§ 1 RETT TIL GRAV

Alle personar busette i Hjelmeland har rett til fri grav på ein av gravplassane i kommunen. Avlidne personar i kommunen skal gravleggjast på den gravplassen dei soknar til, men kyrkjeleg fellesråd kan etter søknad gjera unntak frå denne hovudregelen.

Avlidne som på grunn av sjukdom eller alderdom har budd i ein annan kommune mot slutten av livet, har også rett til fri grav i Hjelmeland. Andre som ønskjer grav i Hjelmeland, må dekke kostnadane ved graving og gjennomføring av gravferda etter vedtekne satsar.

§ 2 FREDNINGSTID

Fredningstid for kistegraver er 20 år med følgjande unntak:

- Hjelmeland kyrkjegard, felt A og B: Totalfreda
- Hjelmeland kyrkjegard, felt E sør og H nord (avmerka på kartet): 40 år
- Jøsneset gravplass: 30 år

Fredningstid for urnegraver er 20 år.

§ 3 FESTE AV GRAV

Når kistegrav er tatt i bruk, er det høve til å festa ei grav ved sida av, og etter godkjenning frå fellesrådet kan ein også festa ei grav i tillegg når det er grunnar som talar for det. Desse gravene utgjer då ein gravstad. Ved bruk av urnegrav kan ein ikkje festa grav ved sida av. Elles kan ingen festa ei grav på førehand.

For festa grav vert det kravd festeavgift.

Ei fri grav kan festast for 5 år om gongen etter at frigravsperioden er ute, men då mot betaling som kommunen fastset etter forslag frå kyrkjeleg fellesråd, jf. gravferdslova § 21.

Når det har gått 60 år etter siste gravlegging, kan festet fornyast etter avtale med kyrkjeleg fellesråd dersom grava vert halden i hevd og fornying ikkje er til hinder for arbeidet på gravplassen, jf. Gravferdslova § 14.

I god tid før festetida er ute, skal festaren varslast og få tilbod om fornying av festeavtalen. Er festet ikkje fornya innan 6 månader, fell gravstaden attende til gravplassen, jf. Gravferdslova § 18. Ein føresetnad for vidare feste er at gravene vert haldne ved like, at gravminna er sikra og i forskriftsmessig stand, og at festeavgift er betalt.

Ingen kan leggjast i festa grav utan samtykke frå festaren. Dersom festaren sitt samtykke ikkje kan innhentast, kan fellesrådet ta avgjerd om gravlegging.

Festar pliktar å melda frå om adresseendring.

§ 4 GRAV OG GRAVMINNE

Ved opning av grav kan jord leggjast på omkringliggande graver, og gravminne på desse kan flyttast mellombels. Straks etter gravferda vil dette bli tilbakeført. Til vanleg skal torver skjerast av før grava vert opna, og desse skal leggjast tilbake på grava etter tilbakegraving og planering. Dersom dette ikkje er mogeleg, skal grava såast til med plenfrø.

Gravplassarbeidarane fjernar blomar når dei er visne, dersom ikkje pårørande sjølv har fjerna dei.

Gravminne kan ikkje setjast opp tidlegare enn 1 mnd etter gravlegging av kiste. Vinterstid kan det gå lenger tid før ein kan setja opp gravminne.

Montering av gravminne kan først skje etter at kyrkjeleg fellesråd v/ kyrkjeverja har godkjent gravminnet og merka staden der det skal stå. I påvente av gravminne vert det straks etter gravferda vert sett ned ein kvit trekross eller eit anna merke med den avdøde sitt namn.

På ny, festa gravstad set ein opp gravminnet i bakkant av den grava som (først) vert tatt i bruk, og gravminnet vert ståande der for godt.

Ved montering av gravminne skal matjorda først fjernast, og det skal leggjast pukk/singel under fundamentet før dette vert festa til underlaget med jordfuktig mørtel og så langt som råd i flukt med terrenget rundt. Gravminnet vert deretter sett på fundamentet og sikra med boltar i samsvar med gravplassforskrifta § 24.

Når det gjeld storleik og form på gravminne, viser ein til forskrifta § 23.

Materialet i *faste* dekorting skal vera i samsvar med § 22 i gravferdsforskrifta; bestandige og lite vedlikehaldskrevande.

§ 5 VERN AV GRAVMINNE

Lokalt vern av enkelte gravminne skal inngå i ein bevaringsplan for kvar gravplass, jfr. forskrift til gravferdslova § 27.

Før ein eventuelt tek bort gravminnet, vil kyrkjeleg fellesråd gjera ei vurdering om vern. Det kan skje ut frå alder, stilhistorie, interessant personalhistorie, lokalt særpreg, gravminne som er unikt, gravminne med stor kunstnarisk eller handverksmessig verdi, gravminne med sjeldan inskripsjon, gravskrift, yrkestittel, eller symbolbruk.

Det er kyrkjeleg fellesråd som vedtek vern av gravminne.

§ 6 PLANTEFELT

Framfor gravminnet er det høve til å opparbeida eit plantefelt i høgde med terrenget omkring. Det må ikkje vera breiare enn gravminnet, men kan i alle høve vera 60 cm breitt. Det kan ikkje stikka lenger fram enn 60 cm, målt frå bakkant av gravminnet. Det kan ikkje plantast planter som er eller blir høgare enn gravminnet, eller går ut over plantefeltet. Det er ikkje lov å planta noko på sidene eller på baksida av gravminnet.

Det er høve til å bruka lause dekorting, som blomsterurner, lykter mv. i plantefeltet, men desse må ikkje setjast i ytterkanten av plantefeltet slik at dei står i fare for å bli øydelagde av maskiner som vert brukte i vedlikehaldsarbeidet. Dersom det skjer, vil gravplassmyndigheita ikkje vera erstatningspliktige. Det same gjeld faste dekorting som ved eit uhell skulle bli skada under vanleg vedlikehaldsarbeid på gravplassen. Lause dekorting skal fjernast etter bruk og alt avfall skal takast med eller kastast i avfallsdunk.

Det er høve til å ramma inn plantefeltet med ein 3-delt natursteinskant som fluktar med terrenget omkring. Det er ikkje høve til å ramma inn plantefeltet med anna materiale. Ein kan ikkje bruka kant i skrånande terreng.

Det er også høve til å bruka lause, liggjande natursteinsplater i plantefeltet. Desse platene må flukta med terrenget rundt, og skal ha same avgrensing i storleik som plantefeltet. Det skal ikkje vera tekst på liggjande dekorplater, og slik plate kan ikkje brukast i skrånande terreng. Det er ikkje høve til å bruka andre materialar enn naturstein til dette.

Dersom det ikkje er aktuelt å ha plantefelt, skal det vera grasbakke på alle sider av gravminnet.

§ 7 PLANTEMATERIELL

Planter, kransar og liknande som vert brukt ved gravferd eller ved pynting av grav, og som endar som avfall, skal vera komposterbart.

Den ansvarlege for grava har ansvaret for å fjerna visne blomar og kransar som er brukte ved gravferd.

Gravplassarbeidarane vil likevel syta for å fjerna desse dersom den ansvarlege ikkje har gjort det.

§ 8 STELL AV GRAV

Den som er ansvarleg for frigrav eller er gravfestar, har rett og plikt til å stella den grava vedkommande har ansvaret for. Plantefelt som ikkje vert tilplanta eller stelt, skal den ansvarlege eller kyrkjegardsarbeidarane så til, jf. § 6.

§ 9 AVTALE OM GRAVSTELL

Mot innbetaling av eit bestemt beløp frå den som er festar, eller ansvarleg for frigrav, kan kyrkjeleg fellesråd overta ansvaret for planting og stell av gravstaden for ei avtalt tid.

Det skal i kvart enkelt tilfelle utarbeidast og signerast gravstellavtale.

Det innbetalte beløpet, med tillegg av renter, skal dekkja utgiftene til planting og stell av gravstaden i den avtalte tida, samt til administrasjon og revisjon for den same perioden. Beløpet skal også dekkja eventuell meirverdiavgift til staten etter dei reglar som gjeld til ei kvar tid.

Avtaleperioden kan ikkje gå ut over fredningstida for gravstaden eller for den avtalte festeperioden. Dersom det i avtaleperioden oppstår slike økonomiske tilhøve at midlane ikkje strekk til, skal kyrkjeverja gje melding om dette til den ansvarlege eller festaren. Det er då høve til å auka kapitalen slik at at denne varer tida ut. Elles vert stellet avslutta når kapitalen er brukt opp.

Dersom det er midlar att når avtaleperioden er slutt, skal desse midlane setjast av på fond og nyttast til å gjera gravplassane vakrere. Stellavtalane kan forvalta i fellesskap, men det vert ført rekneskap for kvar enkelt avtale.

Den årlege kostnaden for stellet vert fastsett av fellesrådet etter forslag frå kyrkjeverja.

§ 10 BÅREROM

Fellessrådet v/ kyrkjeverja disponerer båreromma. Desse romma skal berre nyttast til å ta vare på dei døde fram til gravferda. Ingen har tilgang til bårerommet utan etter avtale med kyrkjeverja. Liksyning kan berre finna stad etter samtykke frå den som syter for gravferda og vedkjem ikkje dei tilsette.

§ 11 NÆRINGSVERKSEMD

Næringsdrivande som ønskjer å driva verksemd på gravplassen, skal innhenta løyve frå kyrkjeleg fellesråd. Løyve som vert gitt, kan trekkast tilbake dersom vedkommande ikkje rettar seg etter dei reglane som gjeld. Slik verksemd kan berre omfatta montering og vedlikehald av gravminne, og pynting og stell av graver. Gravplasstilsette kan ikkje mot godtgjering utføra tenester på gravplassane for private eller næringsdrivande. Dei kan heller ikkje engasjera seg i sal av varer eller tenester som har med gravplassen å gjera.

§ 12 ARBEID PÅ GRAVPLASSANE

Anleggs- og vedlikehaldsarbeid skal skje i arbeidstida (kl. 0730-1600) og må ikkje gjerast på søndagar, heilagdagane eller offentlege høgtidsdagane.

§ 13 FERDSEL PÅ GRAVPLASSANE

Køyring med bil eller andre motoriserte køyretøy er ikkje tillate på gravplassen. Unnateke for dette er forvaltninga sine egne køyretøy. Kyrkjevevja kan gje løyve dersom pårørande har spesielle behov for transport. All køyring og ferdsel skal skje med ekstra varsemnd og respekt.

Hundar skal haldast i band.

§ 14 ANDRE BESTEMMELSER

Gravplassmyndigheita er ikkje ansvarleg for skader på grav, gravminne og gravutstyr ved naturhendingsar og skadedyr, hærverk, tjuveri og liknande.

§ 15 BROT PÅ VEDTEKTENE

Dersom vedtektene ikkje vert overhaldne, kan gravplassforvaltninga setja i verk naudsynte tiltak for den ansvarlege eller festaren si rekning.

§ 16 DISPENSASJON FRÅ VEDTEKTENE

Spørsmål som gjeld gravplassane eller tilhøve som ikkje er nemnde i vedtektene, vert avgjort av kyrkjeleg fellesråd/ kyrkjevevja. I særskilte tilfelle kan fellesrådet/ kyrkjevevja også tillate avvik frå vedtektene.